



Husnes: 30.10.2014

Hordaland fylkeskommune  
Opplæringsavdelinga

## **Justering av undervisningstilbodet for skuleåret 2015-2016, Kvinnherad vidaregåande skule**

Kvinnherad vidaregåande skule hentar størsteparten av elevane frå heimkommunen. Skuleåret 14/15 er det 194 avgangselevar ved ungdomskulane i kommunen som skal søkje plass vidaregåande skule hausten 2015. Dette er ein auke på 9 elevar samanlikna med årets avgangskull. Dagens tilbodsstruktur på Vg1- og Vg2-nivå, saman med dei føreslåtte endringane under, vil gje søkjarane eit godt og variert tilbod.

### **OPRETTING AV VG1 RESTURANT OG MATFAG**

Nedlegginga av RM-tilbodet våren 2014 vart mykje omtalt i lokalavisene i kommunen. Hausten 2014 har det blant anna vore ulike artiklar i Kvinnheringen om tidlegare elevar som har gått ved RM og kva karrierar utdanningsvalet har gjeve dei. Dette har verka positivt på interessera for fagområdet. Blant anna har det vore mange elevar frå avgangsklassane i ungdomskulane som har fått info og orientering om RM, under haustens skulebesøk. Dei same elevane var året før med på «Vi dekker til fest», eit tiltak som har gjeve resultat i rekrutteringa ved andre vidaregåande skular. Vi har òg planlagt ulike andre marknadsførings- og infotiltak fram mot søknadsfristen 01. mars. Samla sett håper vi at dette vil gje eit tilstrekkeleg søknads- /elevgrunnlag for ein Vg1-klasse innan programområdet

### **OPRETTING AV VG2 SERVICE, SAMFERDSLE OG TRYGGLEIK**

Skuleåret 2014/15 har vi 15 elevar på Vg1 Service og samferdsle. Ut frå ei rask undersøking i klassen har vi fått tilbakemelding på at det er omlag 12 elevar vil ha Vg2 Sal, service og tryggleik ved Kvinnherad vidaregåande skule som første val. Sjølv om det vert endringar fram mot 1. mars, meiner vi det bør vera tilstrekkeleg elevgrunnlag for ein Vg2-klasse.

### **BEHOVET FOR INNFØRINGSKLASSAR FOR MINORITETSSPRÅKLEGE SØKJARAR SKULEÅRET 2015/16**

Alle ungdomskulane og vaksenopplæringa i kommunen har gjeve oss ei tilbakemelding på tal elevar som vil kunne ha behov for å følgje eit innføringskurs. Per i dag er det 4 elevar ved Husnes ungdomskule som vil ha behov innføringskurs. Vaksenopplæringa kjenner til 6 aktuelle ungdommar i

**Hordaland fylkeskommune**  
Opplæringsavdelinga  
<http://www.hfk.no/Hordaland-fylkeskommune/opplaering/>

**Kvinnherad vidaregåande skule**  
Opsangervegen 160  
5460 HUSNES

tlf: + 47 53 47 57 00  
faks: + 47 53 47 57 36  
e-post: [post.kvv@hfk.no](mailto:post.kvv@hfk.no)  
<http://kvv.hfk.no>



## KVINNHERAD VIDAREGÅANDE SKULE

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

aldersgruppa 16 – 23 år. 5 av desse går skuleåret 2014/15 i ein innføringsklasse ved Stord vidaregåande skule. Samla elevgrunnlag er såleis på ca. 10 elevar, men der 5 er elevar ved eit innføringskurs dette skuleåret. Eit elevgrunnlag på mellom 5 og 10 elevar er for lite til at vi som skule ser det som økonomisk forsvarleg å opprette ein klasse. Vi er sjølvsagt innstilte på å vurdere dette på nytt, dersom det i inntaksprosessen viser seg at elevgrunnlaget vert høgare. Som skule bør vi minst ha eit elevgrunnlag på 12 elevar for å vurdere dette.



Audun Bjelland

Rektor Kvinnherad vidaregåande skule